



Uganda

Ny samarbeidsavtale underteikna

Ei gruppe frå UiB, med rektor Dag Rune Olsen og viserektor Anne Chr. Johannessen i spissen, var seint i september i Kampala for å underteikna ein ny rammeavtale med Makerere University. Dei to universiteta har allereie formelt samarbeida i 26 år, og den nye avtalen varer i ti nye år. Den nye avtalen dekkjer alle fakulteta og vil styrke utvekslinga mellom universiteta, både innan utdanning og forskning. Makerere University er UiBs største samarbeidspartnar i eit land i sør.



Sør-Afrika

Sterkt til stades på WUN

I samband med årsmøtet til Worldwide Universities Network (WUN) i Cape Town, i månadsskiftet mars/april, fann ein konferanse om klima og global helse stad. Førsteamanuensis Jeppe Kolding (Institutt for biologi) og professor Cecilie Svanes og vitenskapleg assistent Hallgeir Kismul (begge frå Senter for internasjonal helse) deltok i debattar med andre forskarar frå WUN-nettverket. Det er fjerde gong WUN diskuterer spørsmål knytt til utfordringane som endringar i klima stiller oss overfor, og korleis dette påverkar global allmennhelse.



Bangladesh

Vatn- og klimaworkshop

Ei forskargruppe leia av Scott Bremer frå Senter for vitskaps-teori og klimaforskar Mathew Reeve har vore i Bangladesh fleire gonger i vår og haust. Først heldt dei ein workshop i Bangladesh sin hovudstad, Dhaka, i juni, før dei i haust har vore nordaust i landet som del av det treårige forskingsprosjektet TRACKS. Prosjektet er støtta av Forskningsrådet med over 10 millionar kroner og har åtte institusjonelle partnarar i Norge, Bangladesh og USA. Forskarane har ei innovativ tilnærming og bring saman vitenskap og lokal kunnskap om klima.



Aust-Timor

Fiskeri og forvaltning

Førsteamanuensis Jeppe Kolding frå Institutt for biologi vitja det vesle øyriket i april. Her var han for å diskutere prosjektet *Fisheries Sector Support Program*. Aust-Timor er eitt av verdas fattigaste land, med høg folkevekst og mykje under- og feilernæring. Fiskerisektoren i landet er heller ikkje godt nok utnytta, trass i rike ressursar i havet rundt øystaten. Prosjektet skal prøve å rette opp dette. Kor mykje fisk finst det? Korleis auke fiskefangsten? Og, ikkje minst, korleis få distribuert rimeleg, sunn fisk til folk i heile landet?



Japan

Marin forskning på menyen

Den andre utgåva av Norway-Japan Marine Science Week fann stad i Tokyo i juni. Fokus var denne gong særleg på klima i tilknytning til marin forskning. Forskarar frå Institutt for geovitskap, Geofysisk institutt og Bjerknessenteret var representerte ved professor Eystein Jansen, professor Noel Keenlyside og førsteamanuensis Are Olsen. Dei møtte japanske klimaforskarkollegaer for å diskutere korleis havet påverkar klima og korleis ein kan skape betre modellar, slik at forskarane betre kan spå klimaet i framtida.